

NORD-AURDAL

Leiarskifte i Kampenes begravelsesbyrå



Leiarskifte: Øivind Sanden (t.v.) overlet leiinga av Kampenes begravelsesbyrå til Jacob Håvelsrud Svarre, som har vore tilsett i byrået i tre år. Sanden held fram som gravferdskonsulent, med på laget er også Kjersti Kirkeby Ødegaard, som begynte i byrået 1. desember i fjor.

Av [Tor Harald Skogheim](mailto:tor.harald@avisa-valdres.no)

26. februar 2015, kl. 14:29

Artikkelen er over 5 år gammel

Skiftet skjer frå 1. mars, og er godt planlagt. Drifta av byrået held fram som før, med dei same medarbeidarane.

ANNONSE

DEL VALDRES: Øivind Sanden har leia Kampenes begravelsesbyrå i nesten 17 år. Det synest han er lenge nok i leiarstolen.

– Eg er 62 år, og har hatt veldig travle år. No ynskjer eg å ha mindre ansvar, og å sleppe yngre krefter til, seier Sanden. Han legg til at han vil halde fram i full stilling som gravferdskonsulent.

– Rett mann

Jacob Håvelsrud Svarre (38), busett i Volbu i Øystre Slidre, overtek som leiar. Han har vore tilsett i firmaet i tre år, og Sanden visste tidleg at dette var rett person til å overta.

– Samtalen vi hadde då Jacob søkte ein ledig jobb her for tre år sidan var eintydig. Etter berre fem minutt var eg sikker på at dette var rett mann til jobben, også den eg ynskte til å overta som leiar den dagen eg sjølv ville trappe ned. Eg sa det ikkje til han då, men noko seinare, fortel Sanden.

ANNONSE

Barne- og ungdomsarbeid

Svarre kjem opphavleg frå Danmark, men har budd i Norge sidan 1999. Han er gift og har ungar på tre og seks år.

Han har bakgrunn og lang erfaring innafor barne- og ungdomsarbeid, også i regi av Kyrkja.

– Eg har drive mykje som aktivitetsleiar, blant anna med jakt og fiske. Eg var fire år i Tromsø før vi flytte til Valdres, der kona har røtene sine, fortel han.

Svarre fortel at logoen no blir endra, elles vil folk merke lite til skiftet av leiar.

– Og sjølv sagt er eg veldig glad for at Øivind er med vidare på full tid som gravferdskonsulent, seier Svarre.

ANNONSE


– Personavhengig

Øivind Sanden overtok leiinga av gravferdsbyrået etter Egil Kampenes i 1998, og innrømmer at det blir godt med noko meir tid til andre ting. Samstundes er kontakten både med pårørende og med medarbeidarane så gjevande at det er for tidleg å gje seg heilt.

– Arbeidet i eit gravferdsbyrå er veldig personavhengig. Jacob er som før sagt rett person. Det er også Kjersti Kirkeby Ødegaard, som begynte hjå oss 1. desember, og som er veldig lett og triveleg å jobbe saman med, seier Sanden.

Han legg til at han også ser fram til at Bjørn Gunnar Østgård vil kunne begynne att utpå våren.

Lik Avisa Valdres på Facebook



7,5 k personer liker dette. Registrer deg for å se hva vennene dine liker.

Les mer om: [nord-aurdal](#) [nyheter](#)

Se kommentarer

Flere saker



Nord-Aurdal har gitt salgsbevilling - nå kan du bestille øl fra mikrobryggerier rundt i landet




«Ormen den lange» i Strandefjorden onsdag kveld. Se hva dette er




Endelig blir Leira stasjon pusset opp. - Dette har jeg sett fram til, sier Anders Sundvold

ANNONSE



Mellom 20 og 40 personer testes for korona daglig ved Fagernes legesenter



I år møter førsteklasingene for seg sjøl

Kommentarer til denne saken



ANNONSE

Til toppen